



Lonevåg Sportsfiskarlag

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

## Løyve til fiske etter rømt oppdrettsfisk i Loneelva

---

**Lonevåg sportsfiskarlag får løyve til å organisere og gjennomføre fiske etter rømt oppdrettsfisk i Loneelva i 2023. Løyvet er gjeve med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova, og på vilkår.**

---

Vi viser til søknad av 25. september 2023.

### Bakgrunn

Lonevåg sportsfiskarlag søker om løyve til å fiske etter rømt oppdrettsfisk i Loneelva vinteren 2023/2024. Det har nyleg vore ei rømming av regnbogeaure i Austevoll. Laget har fått meldingar om både fangst og observasjonar av regnbogeaure.

### Rettsleg utgangspunkt

#### *Lakse- og innlandsfisklova:*

Føremålet med lova er å sikre at stammer av laksefisk mv. og deira leveområde vert forvalta i samsvar med naturmangfaldlova. Når vi vurderer om det skal gjevast løyve til gjennomføring av fiske av anadrom fisk, skjer det etter § 13 i lakse- og innlandsfisklova.

#### *Naturmangfaldlova:*

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### Vår vurdering

Vi har vurdert tiltaket etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. Kunnskapsgrunnlaget etter § 8 omfattar informasjon frå søkjar, erfaring frå tildegare år, status på stammene i vassdraget (lakseregisteret, VRL, osv.). Vassdraget har fisketid på både laks og sjøaure.



Stamma av laks i vassdraget er kategorisert som moderat etter kvalitetsnormen<sup>1</sup>. Sjøaurestamma er vurdert å vere i dårleg tilstand<sup>1</sup>.

Føremålet med fisket er å ta ut rømt oppdrettsfisk, og fisket blir tilpassa deretter, med dei metodar som passar best for føremålet. Fiskarane som deltek i fisket, skal ha god kunnskap om rett handtering av fisk. Etter vårt syn skal ikkje fisket slik det er planlagt, føre til vesentleg endringar i vassdraget. Fisket skal ikkje føre til skade på naturmangfaldet, vi meiner difor § 11 i naturmangfaldlova ikkje er relevant i denne saka.

Laget søker om å få fiske vinter 2023/2024. Vi gir løyve til fiske ut året, av omsyn til vinterstøingane i vassdraget. Vert det framleis observert rømt fisk vinteren 2024, kan de ta kontakt med oss om ev. nytt fiske.

### Vedtak

Med heimel i § 13 i lakse- og innlandsfisklova, får Lonevåg sportsfiskarlag løyve til å organisere og gjennomføre utfiske av rømt oppdrettsfisk i Loneelva. Løyvet gjeld ut 2023, og på vilkår:

1. Grunneigarar/fiskerettshavarar skal orienterast om fisket.
2. De kan fiske med stang.
3. Ev. oppdrettsfisk og pukkellaks skal avlivast.
4. Fiskarar som deltek i fisket må ha gjennomført kurs/ha kunnskap i rett handtering av fisk.
5. Det skal takast skjelprøver av all fisk som vert fiska i perioden. Fangstreiskap og kvar i vassdraget fisken er tatt skal noterast på skjelprøvekonvolutten. Send til Rådgivende Biologer AS, Edvard Griegs vei 3, 5039 Bergen.
6. Løyvet skal vera med under fisket.
7. De skal rapportere fisket til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at fisket er avslutta. Bruk vedlagt skjema.
8. Rømt fisk skal meldast til Fiskeridirektoratet på <https://www.fiskeridir.no/tips-oss>

### Klage

Vedtaket kan klagast på innan tre veker etter at brevet er motteke, jf. reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland, og blir avgjort av Miljødirektoratet om Statsforvaltaren ikkje tar klagen til følgje.

Med helsing

Silje Sikveland Elvatun  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Fangstskjema uttak rømt fisk i elv 2023

---

<sup>1</sup> Vitenskapelig råd for lakseforvaltning



Kopi til:

Miljødirektoratet  
SNO v/Einar Vereide  
Vest politidistrikt  
Osterøy kommune

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM

Postboks 85

6901

FLORØ

Postboks 1

5293

LONEVÅG